

## KOMMISJONSVEDTAK

2004/EØS/29/28

av 15. mai 2002

om fastsetjing av miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukt,  
og om endring av vedtak 1999/178/EF(\*)

[meldt under nummeret K(2002)1844]

(2002/371/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA  
HAR —det vart lengt ved kommisjonsvedtak 2001/831/EF<sup>(3)</sup>,  
endrast.med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
fellesskapet,5) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert  
fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa  
som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)  
nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning  
for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 og artikkel 6  
nr. 1, og6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette  
vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved  
vedtak 1999/178/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa  
tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har  
fått tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for  
produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid  
til å tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med  
dei nye kriteria.

ut frå desse synsmåtene:

1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan  
fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har  
eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg  
betring av dei viktigaste miljøfaktorane.7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på  
det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet  
for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart  
oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF)  
nr. 1980/2000.2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal  
fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke  
for kvar produktgruppe.8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar  
med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved  
artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for  
tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering  
og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt  
i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria  
som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for,  
og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging,  
tilbakekalling eller revisjon.

GJORT DETTE VEDTAKET:

4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak  
1999/178/EF av 17. februar 1999 om fastsetjing av  
miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket  
til tekstilprodukt<sup>(2)</sup>, bør reviderast, slik at det vert  
teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes bør  
tidsrommet som dette vedtaket skal gjelde for, slik*Artikkel 1*For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av  
forordning (EF) nr. 1980/2000, må tekstilprodukta høyre inn  
under produktgruppa «tekstilprodukt» slik det er definert i  
artikkel 2, og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget  
til dette vedtaket.(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 133 av 18.5.2002, s. 29, er  
omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 173/2002 av 6. desember 2002  
om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den  
europeiske unions tidende* nr. 9 av 13.2.2003, s. 26.<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.<sup>(2)</sup> TEF L 57 av 5.3.1999, s. 21.<sup>(3)</sup> TEF L 31 av 28.11.2001, s. 29.

*Artikkel 2*

Produktgruppa «tekstilprodukt» skal omfatte:

tekstilklede og tilhøyrande varer: klede og tilhøyrande varer (som t.d. lommetørkle, halstørkle, vesker, handlevesker, ryggsekker, belte osv.) som inneheld minst 90 vektprosent tekstilfibrar,

bustadtekstilar: tekstilprodukt til innandørs bruk som inneheld minst 90 vektprosent tekstilfibrar, bortsett frå veggkledningar og golvdekke,

fibrar, garn og stoff til bruk i tekstilklede og tilhøyrande varer eller i bustadtekstilar.

For «tekstilklede og tilhøyrande varer» og for «bustadtekstilar» skal dun, fjør, membranar og overtrekk ikkje takast med i utrekninga av prosentdelen tekstilfibrar.

*Artikkel 3*

For administrative føremål vert produktgruppa «tekstilprodukt» tildelt kodennummeret «016».

*Artikkel 4*

Artikkel 3 i vedtak 1999/178/EF skal lyde:

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. mai 2003.»

*Artikkel 5*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. juni 2002 til 31. mai 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «tekstilprodukt», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. juni 2002, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. mai 2003.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «tekstilprodukt», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. juni 2002, kan fram til 31. mai 2003 få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 1999/178/EF.

Frå 1. juni 2002 skal nye søknader om tildeling av miljømerket for produktgruppa «tekstilprodukt» stette dei kriterier som er fastsette i dette vedtaket.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 15. mai 2002.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

## MÅLSETJING

**Føremåla med kriteria**

Føremålet med kriteria er særleg å minske vassureininga i samband med dei viktigaste prosessane i tekstilproduksjonskjeda, medrekna framstilling av fibrar, spinning, veving, strikking, bleiking, farging og etterhandsaming.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av tekstilprodukt som har liten innverknad på miljøet.

**Krav med omsyn til vurdering og kontroll**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Når det krevst at søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, prøvingsrapportar frå analysar eller andre prov som stadfestar at kriteria er vortne stetta, kan desse dokumenta kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane hans og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Den funksjonelle eininga som stoffmengda og produktmengda bør setjast i høve til, er 1 kg tekstil ved standardtilhøva (65 % ± 2 % relativ fukt og 20 °C ± 2 °C. Desse standardtilhøva er fastsette i ISO 139 — Tekstilvarer. Standardklimaer til kondisjonering og prøving).

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

## KRITERIUM

Kriteria er delte inn i tre hovudkategoriar: tekstilfibrar, prosessar og kjemikaliar og dugleik.

## KRITERIUM FOR TEKSTILFIBRAR

I denne delen er det definert særskilde kriterium for akryl, bomull og andre naturlege cellulosefibrar av frø, elastan, lin og andre bastfibrar, uvaska ull og andre keratinfibrar, kunstige cellulosefibrar, polyamid, polyester og polypropylen. Det er òg tillate å nytte andre fibrar som det ikkje er fastsett særskilde kriterium for, bortsett frå mineralfibrar, glasfibrar, metallfibrar, karbonfibrar og andre uorganiske fibrar.

Kriteria i denne delen for ein viss type fiber må ikkje stettast dersom fiberen utgjer mindre enn 5 % av den samla vekta til tekstilfibrane i produktet. Attvunne fibrar må heller ikkje stette kriteria. I denne samanhengen er attvunne fibrar definerte som fibrar som eine og aleine stammar frå avskjær frå tekstil- og klesindustrien eller frå forbrukaravfall (tekstilavfall eller anna). Minst 85 vektprosent av alle fibrane i produktet må likevel anten stette dei tilsvarende særskilde kriteria, dersom det finst slike, eller vere attvunne fibrar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren må gje detaljerte opplysningar om samansetnaden av tekstilproduktet.

**1. Akryl**

- a) Restinnhaldet av akrylnitril i kvite råfibrar frå produksjonsanlegget må vere mindre enn 1,5 mg/kg.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ekstraksjon med kokande vatn og mengdefastsetjing ved hjelp av gasskromatografi på kapillærkolonne.

- b) Årsgjennomsnittet for utsleppa i lufta av akrylnitril (under polymerisering og fram til løysinga er klar til spinning) må vere mindre enn 1 g/kg framstilt fiber.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

**2. Bomull og andre naturlege cellulosefibrar av frø (medrekna kapok)**

Bomull og andre naturlege cellulosefibrar av frø (heretter kalla bomull) må innehalde høgst 0,05 ppm (dersom prøvingsmetoden er følsam nok) av kvart av dei følgjande stoffa: aldrin, captafol, klordan, DDT, dieldrin, endrin, heptaklor, heksaklorbenzen, heksaklorsykloheksan (summen av isomerane), 2,4,5-T, klordimeform, klorbenzilat, dinoseb og salt av det, monokrotofos, pentaklorfenol, kamfeklor, metamidofos, parationmetyl, paration, fosfamidon.

Dette kriteriet må ikkje stettast dersom meir enn 50 % av bomullen i produktet er framstilt etter ein økologisk metode eller i ein omleggingsperiode, dvs. dersom eit uavhengig organ har stadfest at han er framstilt i samsvar med dei krava til produksjon og kontroll som er fastsette i rådsforordning (EØF) nr. 2092/91 av 24. juni 1991 om økologisk produksjonsmetode for landbruksprodukter og slik angivelse på landbruksprodukter og næringsmidler<sup>(1)</sup>.

Dette kriteriet må ikkje stettast dersom søkjaren kan dokumentere kven som har produsert minst 75 % av den bomullen som er nytta i sluttproduktet, saman med ei fråsegn frå desse produsentane om at dei førnemnde stoffa ikkje har vore nytta på dei markene der bomullen er dyrka, på bomullsplantene eller på sjølve bomullen.

Dersom 100 % av bomullen er framstilt etter ein økologisk metode, dvs. dersom eit uavhengig organ har stadfest at han er framstilt i samsvar med dei krava til produksjon og kontroll som er fastsette i rådsforordning (EØF) nr. 2092/91, kan søkjaren nytte uttrykket «økologisk framstilt bomull» saman med miljømerket.

Søkjaren skal anten leggje fram prov på økologisk produksjon, eller opplysningar som provar at produsentane ikkje har nytta dei førnemnde stoffa, eller ein prøvingsrapport etter bruk av dei følgjande prøvingsmetodane, alt etter kva som høver: US EPA 8081 A (organiske klorhaldige plantevernmidde, med ultralyd- eller Soxhlet-ekstraksjon og apolare løysmiddel (isooktan eller heksan)), 8151 A (klorhaldige ugrasmiddel, ved hjelp av metanol), 8141 A (organiske fosforsambindingar) eller 8270 C (delvis flyktige organiske sambindingar).

### 3. Elastan

- a) Organiske tinnsambindingar skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike sambindingar ikkje er nytta.

- b) Årsgjennomsnittet for utslepp i lufta av aromatiske diisocyanat under polymerisering og spinning må vere mindre enn 5 mg/kg framstilt fiber.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

### 4. Lin og andre bastfibrar (medrekna hamp, jute og rami)

Lin og andre bastfibrar skal ikkje framstillast ved bløyting i vatn, med mindre spillvatnet frå bløytinga vert handsama på ein slik måte at det kjemiske oksygenforbruket (KOF) eller det totale organiske karbonet (TOC) vert redusert med minst 75 % for hampfibrar og med minst 95 % for lin og andre bastfibrar.

*Vurdering og kontroll:* Dersom fibrane er framstilte ved bløyting i vatn, skal søkjaren leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 6060 (KOF).

### 5. Uvaska ull og andre keratinfibrar (medrekna ull frå sau, kamel, alpakka og geit)

- a) Det samla totalinnhaldet av følgjande stoff må ikkje overstige 0,5 ppm:  $\gamma$ -heksaklorsykkloheksan (lindan),  $\alpha$ -heksaklorsykkloheksan,  $\beta$ -heksaklorsykkloheksan,  $\delta$ -heksaklorsykkloheksan, aldrin, dieldrin, endrin, p,p'-DDT, p,p'-DDD.

- b) Det samla totalinnhaldet av følgjande stoff må ikkje overstige 2 ppm: diazinon, propetamfos, klorfenvinfos, diklorfention, klorpyrifos, fenklorfos.

- c) Det samla totalinnhaldet av følgjande stoff må ikkje overstige 0,5 ppm: cypermetrin, deltametrin, fenvalerat, cyhalotrin, flumetrin.

- d) Det samla totalinnhaldet av følgjande stoff må ikkje overstige 2 ppm: diflubenzuron, triflumuron.

Desse kriteria (slik dei er førde opp i bokstav a), b), c) og d) og kvar for seg) må ikkje stettast dersom søkjaren kan dokumentere kven som har produsert minst 75 % av den aktuelle ulla eller dei aktuelle keratinfibrane, saman med ei fråsegn frå desse produsentane om at dei førnemnde stoffa ikkje har vore nytta på dei aktuelle markene eller dyra.

*Vurdering og kontroll for a), b), c) og d):* Søkjaren skal anten leggje fram dei opplysningane som er nemnde ovanfor, eller ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: IWTO Draft Test Method 59.

- e) KOF i spillvatn frå ullreinsing som vert sleppt ut i avløpsleidningane, må ikkje overstige 60 g/kg uvaska ull, og spillvatnet skal handsamast utanfor anlegget slik at KOF vert redusert ytterlegare med minst 75 %, uttrykt som eit årsgjennomsnitt.

KOF i spillvatn frå ullreinsing som vert handsama i anlegget og sleppt ut i overflatevatn, må ikkje overstige 5 g KOF/kg uvaska ull. pH-verdien for spillvatn som vert sleppt ut i overflatevatn, skal vere mellom 6 og 9 (med mindre pH-verdien for resipientvatnet ligg utanfor dette området), og temperaturen skal vere under 40 °C (med mindre temperaturen i resipientvatnet er høgare enn dette).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram relevante opplysningar og ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 6060.

<sup>(1)</sup> TEF L 198 av 22.7.1991, s. 1

**6. Kunstige cellulosefibrar (medrekna viskose, lyocell, acetat, kupro og triacetat)**

- a) AOX-innhaldet i fibrane må ikkje overstige 250 ppm.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 11480.97 (kontrollert forbrenning og mikrocoulometri).

- b) Under framstillinga av viskosefibrar må svovelinnhaldet i utslepp av svovelsambindingar i lufta ikkje overstige 120 g/kg framstilt filamentfiber og 30 g/kg framstilt stapelfiber, uttrykt som eit årsgjennomsnitt. Dersom begge fibertypane vert framstilte ved det same anlegget, må dei samla utsleppa ikkje overstige det tilsvarende vegne gjennomsnittet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

- c) Årsgjennomsnittet for utsleppa av sink i vatn frå anlegg som framstiller viskosefibrar, må ikkje overstige 0,3 g/kg.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

- d) Årsgjennomsnittet for innhaldet av kopar i spillvatn frå anlegg som framstiller kuprofibrar, må ikkje overstige 0,1 ppm.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

**7. Polyamid**

Årsgjennomsnittet for utsleppa av N<sub>2</sub>O i lufta under framstilling av monomerar må ikkje overstige 10 g/kg framstilt polyamid-6-fiber og 50 g/kg framstilt polyamid-6,6-fiber.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

**8. Polyester**

- a) Innhaldet av antimon i polyesterfibrane må ikkje overstige 260 ppm. Dersom det ikkje er nytta antimon, kan søkjaren føre opp uttrykket «inneheld ikkje antimon» (eller tilsvarende tekst) ved sida av miljømerket.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette stoffet ikkje er nytta, eller ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: direkte mengdefastsetjing ved hjelp av atomabsorpsjonsspektrometri. Prøvinga skal utførast på råfibrar før ei eventuell våhandsaming.

- b) Årsgjennomsnittet for utslepp av VOC under polymerisering av polyester må ikkje overstige 1,2 g/kg framstilt polyesterharpiks. (VOC er ei organisk sambinding som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarende fordampingssevne under dei særskilde brukstilhøva.)

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og/eller prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

**9. Polypropylen**

Blybaserte pigment skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse stoffa ikkje er nytta.

**KRITERIUM FOR PROSESSAR OG KJEMIKALIAR**

Dersom dei høver, gjeld kriteria i denne delen for alle stadium i framstillinga av produktet, medrekna framstillinga av fibrane. Attvunne fibrar kan likevel innehalde nokre av dei fargestoffa eller andre stoffa som er stengde ute etter desse kriteria, men berre dersom dei vart nytta i ein tidlegare fase i levetida til fibrane.

**10. Hjelpstoff og etterhandsamingsmiddel for fibrar og garn**

- a) Bindemiddel: Minst 95 % (målt i tørrvekt) av delemna i alle bindemiddelpreparat som vert nytta til fibrar eller garn, skal vere tilstrekkeleg biologisk nedbrytelege eller kunne fjernast i reinseanlegg, eller kunne attvinnast.

*Vurdering og kontroll:* I denne samanhengen vert eit stoff rekna som «tilstrekkeleg biologisk nedbryteleg eller som eit stoff som kan fjernast»,

— dersom det ved prøving med ein av prøvingsmetodane OECD 301 A, OECD 301 E, ISO 7827, OECD 302 A, ISO 9887, OECD 302 B eller ISO 9888 viser ein nedbrytingsprosent på minst 70 % innan 28 dagar,

— dersom det ved prøving med ein av prøvingsmetodane OECD 301 B, ISO 9439, OECD 301 C, OECD 302 C, OECD 301 D, ISO 10707, OECD 301 F, ISO 9408, ISO 10708 eller ISO 14593 viser ein nedbrytingsprosent på minst 60 % innan 28 dagar,

- dersom det ved prøving med ein av prøvingsmetodane OECD 303 eller ISO 11733 viser ein nedbrytingsprosent på minst 80 % innan 28 dagar,
- eller dersom det for stoffet, når det ikkje kan prøvast med dei førnemnde prøvingsmetodane, kan dokumenterast tilsvarande tal for biologisk nedbryting eller for fjerning.

Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon og relevante tryggleiksdatablad, prøvingsrapportar og/eller fråsegner med opplysningar om kva prøvingsmetodar som er nytta og kva resultat som er oppnådde, i samsvar med opplysningane ovanfor, og med prov på at alle bindemiddelpreparat som vert nytta, stettar dette kriteriet.

- b) Tilsetjingsstoff til spinneløysingar, tilsetjingsstoff til spinning og hjelpestoff i preparat til bruk under første spinning (medrekna kardeoljer, etterhandsamingsmiddel og smørjemiddel): Minst 90 % (målt i tørrvekt) av delemna i dei preparata som vert nytta, skal vere tilstrekkeleg biologisk nedbrytelege eller kunne fjernast i reinseanlegg.

Dette kravet gjeld ikkje for hjelpestoff i preparat til bruk under andre spinning (smørjemiddel, mjukingsmiddel), spoleoljer, renningsoljer og strikkeoljer, voks, silikonoljer og uorganiske stoff.

*Vurdering og kontroll:* «Tilstrekkeleg biologisk nedbryteleg eller kunne fjernast» slik det er definert under bokstav a) ovanfor. Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon og relevante tryggleiksdatablad, prøvingsrapportar og/eller fråsegner med opplysningar om kva prøvingsmetodar som er nytta og kva resultat som er oppnådde, i samsvar opplysningane ovanfor, og med prov på at alle slike hjelpestoff eller preparat som er nytta, stettar dette kriteriet.

- c) Innhaldet av polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH) i mineraloljedelen av eit produkt skal vere mindre enn 1,0 vektprosent.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon og relevante tryggleiksdatablad, prøvingsrapportar og/eller fråsegner med opplysningar anten om innhaldet av polysykliske aromatiske hydrokarbon eller om at det ikkje er nytta produkt som inneheld mineraloljer.

#### 11. Biocidprodukt eller biostatisk produkt

- a) Klorfenol (salt og esterar av det), PCB og organiske tinnsambindingar må ikkje nyttast under transport eller lagring av produkt og halvfabrikat.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at desse stoffa eller sambindingane ikkje er nytta i garn, stoff eller sluttprodukt. Dersom denne fråsegna skal kontrollerast, skal følgjande prøvingsmetode og grenseverdi nyttast: høveleg ekstraksjon, derivatisering med eddiksyreanhydrid, mengdefastsetjing ved hjelp av gasskromatografi på kapillærkolonne med elektroninnfangingsdetektor; grenseverdien er 0,05 ppm.

- b) Biocidprodukt eller biostatisk produkt må ikkje nyttast på ein slik måte at dei kan verte aktiverte ved bruk av tekstilproduktet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike produkt ikkje er nytta.

#### 12. Avfarging eller pigmentfjerning

Salt av tungmetall (bortsett frå jarn) eller formaldehyd må ikkje nyttast til avfarging eller pigmentfjerning.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike stoff ikkje er nytta.

#### 13. Fortynging

Ceriumsambindingar må ikkje nyttast til fortynging av garn eller stoff.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike sambindingar ikkje er nytta.

#### 14. Andre kjemiske hjelpestoff

Alkylfenoletoksydat (APEO), lineært alkylbensulfonat (LAS), bis(hydrogenert talg-alkyl)dimetylammonium mklorid (DTDMAC), distearyldimetylammoniumklorid (DSDMAC), di(herda talg)dimetylammoniumklorid (DHTDMAC), etylendiamintetraacetat (EDTA) og dietylenetriaminpentaacetat (DTPA) må ikkje nyttast og må ikkje vere delemne i preparat eller blandingar som vert nytta.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike stoff ikkje er nytta.

#### 15. Vaskemiddel, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar

Ved kvart våthandsamingsanlegg skal meir enn 95 vektprosent av dei vaskemidla, blautgjeringsmidla og kompleksdannarane som vert nytta, vere tilstrekkeleg nedbrytelege eller kunne fjernast i reinseanlegg.

*Vurdering og kontroll:* «Tilstrekkeleg biologisk nedbryteleg eller kunne fjernast» slik det er definert i kriteriet «Hjelpestoff og etterhandsamingsmiddel for fibrar og garn» ovanfor. Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon og relevante tryggleiksdatablad, prøvingsrapportar og/eller fråsegner med opplysningar om kva prøvingsmetodar som er nytta og kva resultat som er oppnådde, i samsvar opplysningane ovanfor, og med prov på at alle vaskemiddel, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar som er nytta, stettar dette kriteriet.

**16. Bleikjemiddel**

I regelen må utslippet av AOX i blanda spillvatn frå bleiking vere mindre enn 40 mg Cl/kg. I følgjande tilfelle må utslippet vere mindre enn 100 mg Cl/kg:

- lin og andre bastfibrar,
- bomull som har ei polymeriseringsgrad på under 1 800 og skal nyttast i kvite sluttprodukt.

Dette kravet gjeld ikkje for framstilling av kunstige cellulosefibrar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at det ikkje er nytta klorerte bleikjemiddel, eller ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 9562 eller prEN 1485.

**17. Ureinsker i fargestoff**

Talet for ioniske ureinsker i fargestoff som vert nytta, må ikkje overstige følgjande verdiar: Ag 100 ppm, As 50 ppm, Ba 100 ppm, Cd 20 ppm, Co 500 ppm, Cr 100 ppm, Cu 250 ppm, Fe 2 500 ppm, Hg 4 ppm, Mn 1 000 ppm, Ni 200 ppm, Pb 100 ppm, Se 20 ppm, Sb 50 ppm, Sn 250 ppm, Zn 1 500 ppm.

Det skal ikkje takast omsyn til metall som utgjer ein integrert del av fargemolekylet (t.d. metallkompleksfargestoff, visse reaktive fargestoff osv.) når det vert vurdert om desse verdiane er stetta, fordi desse verdiane gjeld berre for ureinsker.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei samsvarsfråsegn.

**18. Ureinsker i pigment**

Talet for ioniske ureinsker i fargestoff som vert nytta, må ikkje overstige følgjande verdiar: As 50 ppm, Ba 100 ppm, Cd 50 ppm, Cr 100 ppm, Hg 25 ppm, Pb 100 ppm, Se 100 ppm, Sb 250 ppm, Zn 1 000 ppm.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei samsvarsfråsegn.

**19. Farging med krombeis**

Farging med krombeis er ikkje tillate.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at krombeis ikkje er nytta.

**20. Metallkompleksfargestoff**

Dersom det vert nytta metallkompleksfargestoff som er kopar-, krom- eller nikkelbaserte, gjeld følgjande:

- a) Ved farging av cellulose der det er nytta metallkompleksfargestoff som delemne i fargestoffet, må mindre enn 20 % av kvart metallkompleksfargestoff som er tilført prosessen, sleppast ut i spillvatn som skal reinsast (i eller utanfor produksjonsanlegget).

Ved alle andre fargingsprosessar der det er nytta metallkompleksfargestoff som delemne i fargestoffet, må mindre enn 7 % av kvart metallkompleksfargestoff som er tilført prosessen, sleppast ut i spillvatn som skal reinsast (i eller utanfor produksjonsanlegget).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at slike stoff ikkje er nytta, eller opplysningar og prøvingsrapportar som byggjer på følgjande prøvingsmetodar: ISO 8288 for Cu og Ni, og ISO 9174 eller prEN 1233 for Cr.

- b) Utsleppa i vatn etter reinsing må ikkje gå utover følgjande verdiar: Cu 75 mg/kg (fibrar, garn eller stoff), Cr 50 mg/kg, Ni 75 mg/kg.

Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at slike stoff ikkje er nytta, eller opplysningar og prøvingsrapportar som byggjer på følgjande prøvingsmetodar: ISO 8288 for Cu og Ni, og ISO 9174 eller prEN 1233 for Cr.

**21. Azofargestoff**

Det må ikkje nyttast azofargestoff som kan spaltast til eit av dei følgjande aromatiske amina:

4-aminobifenyl	(92-67-1)
Benzidin	(92-87-5)
4-klor-o-toluidin	(95-69-2)
2-naftylamin	(91-59-8)
o-amino-azotoluen	(97-56-3)
2-amino-4-nitrotoluen	(99-55-8)
p-kloranilin	(106-47-8)
2,4-diaminoanisol	(615-05-4)
4,4'-diaminodifenylmetan	(101-77-9)

3,3'-diklorbenzidin	(91-94-1)
3,3'-dimetoksybenzidin	(119-90-4)
3,3'-dimetylbenzidin	(119-93-7)
3,3'-dimetyl-4,4'-diaminofenylmetan	(838-88-0)
p-kresidin	(120-71-8)
4,4'-metylen-bis-(2-kloranilin)	(101-14-4)
4,4'-oksydianilin	(101-80-4)
4,4'-tiodianilin	(139-65-1)
o-toluidin	(95-53-4)
2,4-diaminotoluen	(95-80-7)
2,4,5-trimetylanilin	(137-17-7)
4-aminoazobenzen	(60-09-3)
o-anisidin	(90-04-0)

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta. Dersom denne fråsegna skal kontrollerast, skal følgjande prøvingsmetode og grenseverdi nyttast: Den tyske metoden B-82.02 eller den franske metoden XP G 08-014; grenseverdien er 30 ppm. (*Merknad:* Det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, og difor bør resultatata stadfestast.)

## 22. Kreftramkallande, mutagene eller reproduksjonsgiftige fargestoff

a) Følgjande fargestoff må ikkje nyttast:

C.I. Basic Red 9

C.I. Disperse Blue 1

C.I. Acid Red 26

C.I. Basic Violet 14

C.I. Disperse Orange 11

C. I. Direct Black 38

C. I. Direct Blue 6

C. I. Direct Red 28

C. I. Disperse Yellow 3

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta.

b) Det er ikkje tillate å nytte fargestoff eller fargestoffpreparat som på tidspunktet for søknaden inneheld meir enn 0,1 vektprosent av stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikosetningane (eller kombinasjonar av dei):

R40 (mogleg fare for kreft),

R45 (kan føre til kreft),

R46 (kan føre til arvelege skadar),

R49 (kan føre til kreft ved innanding),

R60 (kan skade forplantingsevna),

R61 (kan gje fosterskadar),

R62 (mogleg fare for skade på forplantingsevna),

R63 (mogleg fare for fosterskade),

R68 (mogleg fare for varig helseskade),

slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer<sup>(1)</sup> og seinare endringar av direktivet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike fargestoff ikkje er nytta.

<sup>(1)</sup> TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

**23. Fargestoff som kan vere sensibiliserande**

Følgjande fargestoff kan vere sensibiliserande og skal nyttast berre dersom det farga garnet eller stoffet har ein fargeekteik overfor sveitte (syre og base) på minst 4:

C.I. Disperse Blue 3	C.I. 61 505
C.I. Disperse Blue 7	C.I. 62 500
C.I. Disperse Blue 26	C.I. 63 305
C.I. Disperse Blue 35	
C.I. Disperse Blue 102	
C.I. Disperse Blue 106	
C.I. Disperse Blue 124	
C.I. Disperse Orange 1	C.I. 11 080
C.I. Disperse Orange 3	C.I. 11 005
C.I. Disperse Orange 37	
C.I. Disperse Orange 76 (tidlegare kalla Orange 37)	
C.I. Disperse Red 1	C.I. 11 110
C.I. Disperse Red 11	C.I. 62 015
C.I. Disperse Red 17	C.I. 11 210
C.I. Disperse Yellow 1	C.I. 10 345
C.I. Disperse Yellow 9	C.I. 10 375
C.I. Disperse Yellow 39	
C.I. Disperse Yellow 49	

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at desse fargestoffa ikkje er nytta, eller ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode for fargeekteik: ISO 105-E04 (syre og base, jamføring med fleirfiberstoff).

**24. Halogenerte berestoff for polyester**

Halogenerte berestoff må ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike stoff ikkje er nytta.

**25. Trykking**

- a) Trykkpastaer som vert nytta, må ikkje innehalde meir enn 5 % flyktige organiske sambindingar (VOC er ei organisk sambinding som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsvevne under dei særskilde brukstilhøva).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at trykking ikkje er nytta, eller høveleg dokumentasjon som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

- b) Det er forbode å nytte plastisol-basert trykking.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at trykking ikkje er nytta, eller høveleg dokumentasjon som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

**26. Formaldehyd**

Innhaldet av fritt og delvis hydrolyserbart formaldehyd i det ferdige stoffet må ikkje overstige 30 ppm i produkt som kjem i direkte kontakt med huda, og 300 ppm i alle andre produkt.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at det ikkje er nytta produkt som inneheld formaldehyd, eller ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: EN ISO 14184-1.

**27. Utslepp av spillvatn frå våthandsaming**

- a) Spillvatn frå våthandsamingsanlegg (bortsett frå ullreinsingsanlegg og anlegg for bløyting av lin) som vert sleppt ut i overflatevatn etter reinsing (i eller utanfor anlegget), må ha eit KOF-tal som er mindre enn 25 g/kg, uttrykt som årsgjennomsnitt.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram detaljerte opplysningar og prøvingsrapportar som byggjer på ISO 6060, og som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

- b) Dersom spillvatnet vert reinsa i anlegget og sleppt rett ut i overflatevatn, må det dessutan ha ein pH-verdi mellom 6 og 9 (med mindre pH-verdien for resipientvatnet ligg utanfor dette området) og ein temperatur på mindre enn 40 °C (med mindre temperaturen i resipientvatnet er høgare enn denne verdien).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon og prøvingsrapportar som stadfestar at dette kriteriet er stetta, saman med ei samsvarsfråsegn.

#### 28. **Flammehemmande middel**

Det er ikkje tillate å nytte flammehemmande middel eller preparat som inneheld meir enn 0,1 vektprosent av stoff som på tidspunktet for søknaden er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

- R40 (mogleg fare for kreft),
- R45 (kan føre til kreft),
- R46 (kan føre til arvelege skadar),
- R49 (kan føre til kreft ved innanding),
- R50 (svært giftig for vassorganismar),
- R51 (giftig for vassorganismar),
- R52 (skadeleg for vassorganismar),
- R53 (kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet),
- R60 (kan skade forplantingsevna),
- R61 (kan gje fosterskadar),
- R62 (mogleg fare for skade på forplantingsevna),
- R63 (mogleg fare for fosterskade),
- R68 (mogleg fare for varig helseskade),

slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet.

Dette kriteriet gjeld ikkje for flammehemmande middel der dei kjemiske eigenskapane endrar seg ved bruk slik at midla ikkje lenger må klassifiserast under nokon av dei førnemnde R-setningane, og der mindre enn 0,1 % av det flammehemmande middelet framleis finst på det handsama garnet eller stoffet i den forma middelet hadde for bruk.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at det ikkje er nytta flammehemmande middel eller opplysningar om kva middel som er vortne nytta, og dokumentasjon (t.d. tryggleiksdatablad) og/eller fråsegner som provar at dei flammehemmande midla som er vortne nytta, stettar dette kriteriet.

#### 29. **Etterhandsaming mot krymping**

Halogenerte stoff eller preparat mot krymping må berre nyttast på karda ullfibrar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse stoffa ikkje er nytta (med mindre dei er nytta på karda ullfibrar).

#### 30. **Etterhandsaming**

Det er ikkje tillate å nytte etterhandsamingsmiddel eller -preparat som inneheld meir enn 0,1 vektprosent av stoff som på tidspunktet for søknaden er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

- R40 (mogleg fare for kreft),
- R45 (kan føre til kreft),
- R46 (kan føre til arvelege skadar),
- R49 (kan føre til kreft ved innanding),
- R50 (svært giftig for vassorganismar),
- R51 (giftig for vassorganismar),
- R52 (skadeleg for vassorganismar),
- R53 (kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet),
- R60 (kan skade forplantingsevna),
- R61 (kan gje fosterskadar),
- R62 (mogleg fare for skade på forplantingsevna),
- R63 (mogleg fare for fosterskade),
- R68 (mogleg fare for varig helseskade),

slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at det ikkje er nytta etterhandsamingsmiddel eller opplysningar om kva middel som er vortne nytta, og leggje fram dokumentasjon (t.d. tryggleiksdatablad) og/eller fråsegner som provar at dei etterhandsamingsmidla som er vortne nytta, stettar dette kriteriet.

### 31. Fyllmateriale

- a) Fyllmateriale av tekstilfibrar skal stette kriteria for tekstilfibrar (nr. 1-9) der det er relevant.
- b) Fyllmateriale skal stette kriterium 11 om «Biocidprodukt eller biostatistiske produkt» og kriterium 26 om «Formaldehyd».
- c) Vaskemiddel og andre kjemikaliar som vert nytta til vasking av fyllmateriale (dun, fjør, naturlege eller syntetiske fibrar), skal stette kriterium 14 om «Andre kjemiske hjelpestoff» og kriterium 15 om «Vaskemiddel, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar».

*Vurdering og kontroll:* Slik det er gjort greie for i dei tilsvarende kriteria.

### 32. Overtrekk, laminat og membranar

- a) Produkt som er framstilt av polyuretan, skal stette kriterium 3 bokstav a) når det gjeld organiske tinsbindingar og kriterium 3 bokstav b) når det gjeld utslepp i lufta av aromatiske diisocyanat.

*Vurdering og kontroll:* Slik det er gjort greie for i dei tilsvarende kriteria.

- b) Produkt som er framstilt av polyester, skal stette kriterium 8 bokstav a) når det gjeld innhaldet av antimon og kriterium 8 bokstav b) når det gjeld utslepp av VOC under polymerisering.

*Vurdering og kontroll:* Slik det er gjort greie for i dei tilsvarende kriteria.

- c) Overtrekk, laminat og membranar skal ikkje framstillast ved hjelp av mjuknarar eller løysemiddel som på tidspunktet for søknaden er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

R40 (mogleg fare for kreft),

R45 (kan føre til kreft),

R46 (kan føre til arvelege skadar),

R49 (kan føre til kreft ved innanding),

R50 (svært giftig for vassorganismar),

R51 (giftig for vassorganismar),

R52 (skadeleg for vassorganismar),

R53 (kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet),

R60 (kan skade forplantingsevna),

R61 (kan gje fosterskadar),

R62 (mogleg fare for skade på forplantingsevna),

R63 (mogleg fare for fosterskade),

R68 (mogleg fare for varig helseskade),

slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at slike mjuknarar eller løysemiddel ikkje er nytta.

### 33. Energi- og vassforbruk

Søkjaren vert oppmoda om å frivillig gje utførlege opplysningar om vass- og energiforbruket i produksjonsanlegga for spinning, strikking, veving og våthandsaming.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren vert oppmoda om å frivillig gje dei opplysningane som er nemnde ovanfor.

### DUGLEIKSKRITERIUM

Dei følgjande kriteria skal gjelde anten for det farga garnet, det ferdige stoffet eller sluttproduktet, og relevante prøvingar skal utførast.

### 34. Endringar av mål ved vasking og tørking

Opplysningar om endringar av mål (i prosent) skal gjevast både på etiketten med opplysningar om stell av tekstilproduktet og på emballasjen og/eller saman med andre produktopplysningar dersom endringane er større enn:

- 2 % (renning og innslag) for gardiner og møbelstoff som kan takast av og vaskast,
- 6 % (renning og innslag) for andre vovne varer,
- 8 % (lengd og breidd) for andre strikkevarer,
- 8 % (lengd og breidd) for frottéstoff.

Dette kriteriet gjeld ikkje for:

- fibrar eller garn,
- produkt som er tydeleg merkte «berre tørreinsing» eller tilsvarande (i den grad det er vanleg at slike produkt er merkte på den måten),
- møbelstoff som ikkje kan takast av og vaskast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram prøvingsrapportar som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 5077 med følgjande endringar: tre vaskar ved den temperaturen som er oppgjeven på produktet, med tørking i tørketrommel etter kvar vask, med mindre det er nemnt noko anna på produktet, ved den temperaturen som er oppgjeven på produktet, og med den vaskemengda (2 eller 4 kg per vask) som er oppgjeven på produktet. Dersom nokon av dei førnemnde grenseverdiane vert overskridne, skal det leggjast fram ein kopi av etiketten med opplysningar om stell av tekstilproduktet og/eller andre produktopplysningar.

### 35. Fargeektleik ved vasking

Fargeektleiken ved vasking må minst vere på nivå 3-4 (fargeendring og fargesmitte).

Dette kriteriet gjeld ikkje for produkt som er tydeleg merkte «berre tørreinsing» eller tilsvarande (i den grad det er vanleg at slike produkt er merkte på den måten), for kvite produkt, for produkt som ikkje er farga eller ikkje har trykk, eller for møbelstoff som ikkje kan vaskast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram prøvingsrapportar som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 105 C06 (éin vask med perboratpulver ved den temperaturen som er oppgjeven på produktet).

### 36. Fargeektleik overfor sveitte (syre og base)

Fargeektleiken overfor sveitte (syre og base) må minst vere på nivå 3-4 (fargeendring og fargesmitte).

Nivå 3 er likevel tillate for stoff som er både lett farga (standarddjupn > 1/1) og framstilt av attvunnen ull eller av ei blanding med meir enn 20 % silke.

Dette kriteriet gjeld ikkje for kvite produkt, for produkt som ikkje er farga eller ikkje har trykk, for møbelstoff, gardiner eller liknande bustadtekstilar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 105 E04 (syre og base, jamføring med fleirfiberstoff).

### 37. Fargeektleik overfor våtgniding

Fargeektleiken overfor våtgniding må minst vere på nivå 2-3. Nivå 2 er likevel tillate for indigofarga denim.

Dette kriteriet gjeld ikkje for kvite produkt, for produkt som ikkje er farga eller ikkje har trykk.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 105 X12.

### 38. Fargeektleik overfor tørrgniding

Fargeektleiken overfor tørrgniding må minst vere på nivå 4.

Nivå 3-4 er likevel tillate for indigofarga denim.

Dette kriteriet gjeld ikkje for kvite produkt, for produkt som ikkje er farga eller ikkje har trykk, for gardiner eller liknande bustadtekstilar.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 105 X12.

### 39. Fargeektleik overfor lys

For møbelstoff og stoff til gardiner eller forheng må fargeektleiken overfor lys minst vere på nivå 5. For alle andre produkt må fargeektleiken overfor lys minst vere på nivå 4.

Nivå 4 er likevel tillate for møbelstoff og stoff til gardiner eller forheng som er både lett farga (standarddjupn < 1/12) og inneheld meir enn 20 % ull eller andre keratinfibrar, meir enn 20 % silke eller meir enn 20 % lin eller andre bastfibrar.

Dette kriteriet gjeld ikkje for madrassstrekk, madrassvern eller undertøy.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: ISO 105 B02.

**40. Opplysningar på miljømerket**

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- låg vassureining
- avgrensa bruk av farlege stoff
- omfattar heile produksjonslinja

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal levere inn ei prøve av produktemballasjen der merket er påført, saman med ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

---